

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/20	Klagenemnd (etter fvl.)	PS	06.05.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	17/2631

Klage på vedtak om pålegg om retting av avlaupstilhøve gnr. 79/16

Vedlegg:

79/16 - Bysheim - Invitasjon til møte om tilkopling til kommunal avløpsledning

7916 - Bysheim - Forslag til løysing

Bysheim - Forslag til avløpsløysing

79/16 - Bysheim - Svar på forslag til løysing

Svar forslag til løysing

7916 - Bysheim - Vidare saksgang

7916 - Bysheim - Førehandsvarsel om retting og tvangsmulkt

7916 - Bysheim - Tilbakemelding etter merknadar til varsel

79/17 og 79/16 – Bysheim – Merknadar til varsel om retting

Varsel om retting og tvangsmulkt

79/16 - Søndre Bysheim - Løyve og godkjenninger avløpsanlegg

Svar på om løyve og godkjenning av sandfilteranlegg

79/16 og 79/17 - Søndre Bysheim - Tilbakemelding på merknadar til varsel

Korrespondanse 14.7.88

7916 - Bysheim - Manglar ved utslepp - Vedtak om retting og tvangsmulkt

7916 - Bysheim - Innvilga utsetjing av klagefrist

Gbnr. 79/16 og 79/17 - klage på vedtak om pålegg om retting

Klage på vedtak om pålegg om retting - gnr. 79 bnr. 16 og 17

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

“Klage motteke 2.03.2020 i saknr. 005/20, vert delvis teke til fylgje jf. forvaltningslova § 33 andre ledd.

Pålegg:

Med heimel i ureiningslova § 7 vert det gjeve pålegg om retting av det ulovlege tilhøvet på gnr. 79, bnr. 16. Retting må skje ved at det vert søkt om tilkopling til kommunalt avløp eller det vert søkt om løyve til utslepp. Eit eventuelt vedtak må følgjast opp i samsvar med lov og føresegn.

Retting må vere utført innan 30.4.20.

Tvangsmulkt:

Med heimel i ureiningslova § 73 vert det vedteke slik tvangsmulkt:

Tvangsmulkt på kr 500 per dag etter utløp av pålagt frist. "

Klagenemnd (etter fvl.) - 005/20

KN - behandling:

Lars Fjeldstad, SP gjorde slik framlegg: "Klagen vert teken til fylgje.

Klagenemnda legg til grunn at når det vart gjeve bruksløyve, så vart det og gjeve utsleppsløyve jmf. Pbl av 1985 § 99 nr. 2.

Klagenemnda legg stor vekt på at det ikkje er fare for forureining jmf prøveresultat frå Eurofins av 16.07.2019."

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde merksam på at fristen for retting i rådmannen sitt framlegg til vedtak må endrast etter klagehandsaminga.

Ordføraren viste til at fristen for retting ved ein "glipp" ikkje er blitt endra i klagesaka.

AVRØYSTING

Alt. avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	3 røyster (1H,1SV,1KRF)
Leiar sitt framlegg	-	6 røyster (2SP,2AP,2FRP)

KN - vedtak:

"Klagen vert teken til fylgje.

Klagenemnda legg til grunn at når det vart gjeve bruksløyve, så vart det og gjeve utsleppsløyve jmf. Pbl av 1985 § 99 nr. 2.

Klagenemnda legg stor vekt på at det ikkje er fare for forureining jmf prøveresultat frå Eurofins av 16.07.2019."

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen sendte ut følgjande vedtak 08.01.20:

Pålegg:

Med heimel i ureiningslova § 7 vert det gjeve pålegg om retting av det ulovlege tilhøvet på gnr. 79, bnr. 16. Retting må skje ved at det vert søkt om tilkopling til kommunalt avløp eller det vert søkt om løyve til utslepp. Eit eventuelt vedtak må følgjast opp i samsvar med lov og føresegn.

Retting må vere utført innan 30.4.20.

Tvangsmulkt:

Med heimel i ureiningslova § 73 vert det vedteke slik tvangsmulkt:

1. Eingongsmulkt på kr 25.000 dersom kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på tilhøvet er retta til lovlege former innan utløpet av pålagt frist.
2. Tvangsmulkt på kr 500 per dag etter utløp av pålagt frist.

Vedtaket er påklaga. Grunneigar ba om utvida frist og fekk frist til 2.3.20 med å klage. Klage blei motteke 2.3.20 og er rettidig. Det er levert inn felles klage for eigedomane 79/16 og 79/17.

Klagar meinar i hovudsak

- Det føreligg utsleppsløyve
- Det er ingen fare for forureining

Ny opplysning i saka:

Vedtaket om pålegg må gjerast om slik at krav om eingongsmulkt i pkt. 1 bortfell. Grunngevinga er at forureiningslova § 73 ikkje gir heimel til å ileggja både eingongsmulkt og løpande mulkt.

Politisk handsaming

Klage på vedtak med heimel i forureiningslova § 7 jf. § 73 skal handsamast av formannskapet/klagenemnd jf. forureiningslova § 85 andre ledd jf. forvaltningslova § 28 andre ledd.

Kronologisk sakshandsaming frå kommunen:

04.07.1978 Utsleppsløyve for det opprinnelege avløpsanlegget - før 79/18 og 19 blei utbygd og Røiseth bygde det kunstige sandfilteranlegget.

14.07.1988 Brev frå kommunen om at det opprinnelege infiltrasjonsanlegget ikkje er tilfredsstillande. Eit kunstig sandfilteranlegg må til for å oppfylle krava.

14.07.1988 Kopi av brev til Medimec A/S om at det nye sandfilteranlegget må dokumenterast og godkjennast av bygningsråd/helseråd og avtale med berørte grunneigar.

06.10.1988 Kommunen gjeve mellombels bruksløyve til bygg og ikkje sandfilteranlegg.

2018-2019 Korrespondanse og møte om mogleg minneleg løysing.

26.08.2019 Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt.

2019 Merknadar til varsel og svar på desse.

08.01.2020 Vedtak om pålegg om retting og tvangsmulkt.

Vurdering

1. Klagar viser til at han har utsleppsløyve. Kommunen ga utsleppsløyve 4.7.1978 til eit infiltrasjonsanlegg på 79/1.

Kommunen vurderer at løyve av 4.7.1978 gjeld eit anna anlegg enn det kunstige sandfilteranlegget, som seinare vart bygt. Klagar er påkopla det kunstige sandfilteranlegget, som Røiseth bygde i samband med at han bygde ut eigedomen 79/18 og 19. Sandfilteranlegget er aldri søkt om og det har kommunen vore tydeleg på i all kommunikasjon med klagar etter at saka kom opp i 2017. Kommunen har tidlegare informert partane om at det måtte søkjast om løyve til å bygge sandfilteranlegget jf. brev 14.07.1988.

Ein søknad om utsleppsløyve gjeld for eit konkret og dokumentert anlegg. Klagar fekk beskjed i brev av 14.7.88 om at det eksisterande anlegget ikkje fungerte saman med kopi av brevet til Medimec om at det måtte byggast eit kunstig sandfilteranlegg og at dette måtte det søkjast om. Klagar kan ikkje verte høyrd med at han trudde det opprinnelege utsleppsløyvet ville gjelde også for nytt anlegg.

Klagar har ikkje forsikra seg om at det kunstige sandfilteranlegget blei godkjent, men berre kopla seg på.

Klagar viser til at kommunen godkjente anlegget 6.10.88.

Kommunen syner til at det vart gjeve mellombels bruksløyve 6.10.88, og vurderer at eit mellombels bruksløyve ikkje er eit utsleppsløyve eller godkjenning av avløpsanlegg. Når kommunen gjev mellombels bruksløyve er det eit vedtak etter plan- og bygningslova og ikkje forureiningslova. Bruksløyve er altså ikkje noko vedtak om utslepp.

Rådmannen si vurdering er at klagar ikkje har dokumentert utsleppsløyve for det kunstige sandfilteranlegget.

2. Klagar meiner vidare at det ikkje er heimel til å leggje krav om retting og tvangsmulkt da vilkåra i forureiningslova § 7 ikkje er oppfylte. Forureiningslova § 7 første ledd:

«Ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig etter §§ 8 eller 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11.»

Rådmannen vurderer at vilkåret i § 7 om å "gjøre eller sette i verk noe" omfattar einkvar aktiv handling. I Ot.prp. nr. 11 (1979-80) s. 96 presiserast at alternativet ikkje berre omfattar "aktive handlinger som umiddelbart fører til utslipp, men også det å sette i verk noe som senere kan føre til forurensninger". Den aktive handlinga i denne saka er å kople seg på eit avløpsanlegg som det ikkje er gjeve løyve til.

Etter forarbeida er ikkje regelen begrensa til handlingar som umiddelbart valdar forureining, jf Ot prp nr 11 (1979-80) s 96 og Ot prp nr 1 (1982-83) s 2. Klagar viser til same ot.prp. s. 96 om at det ofte vil vere så liten fare for forureining at ein kan sjå bort frå den. Samstundes står det i same avsnitt at det kan vere vanskeleg å seie noko generelt om kor stor faren bør vere, men at det i praksis ikkje bør vere for strenge krav. Rådmannen meiner at i lys av at det er gått over 30 år sidan sandfilteranlegget blei bygd, at det er fare for forureining. Eit avløpsanlegg av denne type har avgrensa levetid og det er ikkje dokumentert at det oppfyller krava. Dersom klagar søkjer om utsleppsløyve for sandfilteranlegget, må søknaden handsamast etter dagens regelverk. Det inkluderer den lokale forskrifta om utslepp, som trådde i kraft 1.1.20.

Departementet har i tolkningsuttale skrive at det i kravet om «fare» må liggje ei viss moglegheit både for at forureining vil inntreffe, og for at forureininga eventuelt vil gå utover det som er tillate.

Kommunen har aldri fått dokumentert dette anlegget og veit ikkje om det oppfylte krava den gangen det blei bygd. Kommunen veit heller ikkje korleis vedlikehaldet har vore.

Bygginga av og det å ta det kunstige sandfilteranlegget i bruk kan seiast å «medføre» fare for forureining, da det er samanheng mellom mogleg ulovlege utslepp og om anlegget fungerer slik det skal.

Klagar viser til at kommunen ikkje har kome på synfaring og kontroll. Det er ein jobb for fagkunnige og ikkje ei kommunal oppgåve.

Klagar viser til at heimelshavar av 79/17 har teke prøvar og at dei er analyserte av Eurofins. For nye

søknadar og vesentleg utviding av utslepp, gjeld forureiningsforskrifta kapittel 12. Desse reglane krev mykje meir enn dei prøvane som er tekne. Det skal gjerast av fagkunnige og ikkje av kommunen.

Rådmannen si vurdering er at vilkåra i forureiningslova § 7 er oppfylt og kan nyttast som heimel for pålegg.

I ettertid kan ein sjå at det hadde vore hensiktsmessig å omgjere utsleppsløyvet til det opprinnelege avløpsanlegget til 79/16 og 79/17 med heimel i forureiningslova § 18, da kommunen oppdaga at anlegget ikkje fungerte jf. brev 14.7.88. Sjølv om det ikkje blei gjort, fritek ikkje det klagar for ansvar. Han kopla seg på eit anlegg utan å forsikre seg om at kommunen hadde gjeve løyve til det. Han har hatt gode moglegheiter til å rette dette opp ved å søke om anlegget i ettertid. Kommunen har prøvd å finne minneleg løysing i perioden 2018-19.

Folkehelse

Det er viktig at utslepp og avløpsanlegg vert bygd og vedlikehalde i samsvar med forureiningslova med forskrifter.

Miljø

Det er viktig at utslepp og avløpsanlegg vert bygd og vedlikehalde i samsvar med forureiningslova med forskrifter.

Økonomi

Ikkje vurdert

Konklusjon

Rådmannen kan ikkje sjå at klagen inneheld opplysningar som dokumenterer at noverande avlaupsanlegg (sandfilteranlegget) er søkt om og godkjent, og tilrår at klagen vert teken delvis til følge.